

## VEDTEKTER FOR

### Samvirkeføretaket ROTSET BARNEHAGE SA

#### jf. Lov om barnehager §8



#### § 1. FØRETAKSNAMN OG EIGARFORHOLD

Barnehagen er eit samvirkeføretak med namnet Rotset barnehage SA, og styrast av medlemmane i samvirkeføretaket jf. selskapsvedtektene for barnehagen. Rotset barnehage SA har driftsbygning og kontor på Bømarka i Volda kommune.

#### § 2. FØREMÅL

Føretaket har som føremål å eige og drive barnehage i Volda til beste for medlemmane og barna deira. Rotset barnehage SA skal gje barna gode utviklingsmoglegheiter i nær forståing med heimane til barna. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet. Barnehagen driv med eit utvida kristent føremål for verksemda, der dei kristne grunnverdiane står sentralt. Ved å drive utifrå ein utvida kristen føremålsparagraf vil det pedagogiske arbeidet bli sett i lys av barnet sitt religiøse og moralske utviklingstrinn i ei heilskapleg pedagogisk ramme.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Føretaket skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, føreskrifter, vedtekter, fastsett budsjett og årsplan for barnehagen si pedagogiske verksemd.

### **§ 3 BEMANNING**

Barnehagen si grunnbemanning og pedagogiske bemanning skal til ei kvar tid følgje lov og forskrift.

### **§ 4 FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL**

For å sikre eit godt samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval jf. barnehagelova §4.

#### **4.1 Foreldreråd**

Foreldrerådet er samansett av foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra, og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Styreleiar kallar inn til det første foreldrerådet i barnehageåret.

Foreldrerådet vel 2 foreldrerepresentantar og ein vara til SU.

Foreldrerådet skal ha rett til å uttale seg i saker som er viktig for deira forhold til barnehagen. Ved røysting i foreldrerådet gis det ei stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

Det førast eigen protokoll for foreldrerådet, som skal innehalde rådgivande uttale som foreldrerådet har fatta. Tid og stad for møta skal gå fram av protokollen, liksom stemmefordeling og ueinigheit som krevjast protokollført. Foreldrerådets referent signerer protokollen. Protokollen er tilgjengelig berre for foreldrerådets medlemmar, styret, dagleg leiar, og dei personane som får tilgang frå foreldrerådet.

#### **4.2 Samarbeidsutval (SU)**

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal arbeide for å fremje samarbeidet mellom barnehagen og heimane.

Samarbeidsutvalet er samansett av 2 representantar frå foreldre/føresette og 2 tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Av dei to foreldrerepresentantane, skal minst ein av dei vere foreldre til skulestartarane. Barnehageeigar har ein representant i samarbeidsutvalet.

Kvart organ vel sine representantar for eitt år med unntak av eigar sin representant som følgjer valperioden. Medlemmar kan stille til attval.

Dagleg leiar kallar inn til det første møte på hausten.

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv. Dagleg leiar har møte, tale- og forslagsrett. Dagleg leiar har ikkje røysterett utan han/ho er vald medlem. Samarbeidsutvalet skal

i samarbeid med dagleg leiar sjå til at barnehagen vert drive i samsvar med lov, rammeplan, retningslinjer, vedtekter og barnehagen sitt budsjett. Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplan for den pedagogiske verksemda.

Samarbeidsutvalet held møter etter plan fastsatt av SU, og for øvrig når SU-leiar eller barnehagen finn det nødvendig.

Det førast eigen protokoll for samarbeidsutvalet, som skal innehalde rådgivande uttale som SU har kome med. Tid og stad for møta skal gå fram av protokollen, liksom stemmefordeling og ueinigheit som krevjast protokollført. SU sine medlemmar signerer protokollen. Protokollen er tilgjengeleg berre for SU sine medlemmar, styret, dagleg leiar, og dei personane som SU gir tilgang.

## **§ 5 OPPTAK**

### **5.1 Samordna opptak**

Barnehagane i Volda kommune har samordna opptak. Foreldre/føresette sender søknad på elektronisk skjema. Dagleg leiar innstiller i samsvar med opptakskriteriane og tek opptak av barn til barnehagen. Søknadsskjema og vedtekter ligg på barnehagen si heimeside. Ein kan også finne søknadsskjemaet på Volda kommune sine sider. Søknadsfrist for hovedopptaket er 1. mars.

Ei opptaksgruppe samansett av administrasjonen, styrarane i kommunale- og private barnehager samordner og gjer hovedopptaket i mars måned. Tildeling av plass blir samordna i samsvar med søkar sine prioriteringer. Alle som vert tildelt barnehageplass får beholde plassen ut barnehageåret det året dei startar på skule.

### **5.2 Opptakskrins**

Opptakskrins for barnehagen er Volda kommune. Ved ledig kapasitet kan barn frå andre kommunar få plass. Tilbodet må vere avklart med bustadkommunen.

### **5.3 Rett til barnehageplass**

jf. Barnehagelova §16

«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den månaden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter. Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år med denne loven med forskrifter»

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Det er kommunen som barnehagemyndigheit som har plikt til å oppfylle retten til barnehageplass.

## **5.4 Opptakskriterium**

For opptak i Rotset barnehage skal opptakskriteria ha følgende prioritering:

1. I samsvar med barnehageloven § 18 har barn med nedsatt funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter barnehageloven §5-1 første ledd bokstav a-d, §3-1 og §3-4 første ledd bokstav b rett til prioritet ved opptak i barnehage.
2. Barn med særleg trong for barnehageplass p.g.a. sosiale, helsemessige eller andre tilhøve i heimen.
3. Søsken av barn som er i barnehagen på søknadstidspunktet, eller barn av tilsette. Disse to gruppene er jamstilte. Barna vert prioritert etter høgst alder.
4. Barn og søsken som har vore i barnehagen for inntil tre år sidan.
5. Barn som etter styrets skjønn passar inn i barnegruppa med hensyn til alder, kjønn og fast bustadsadresse.

Ved opptak, vil barn som det er søkt heil plass til prioriterast. Søkjarar som meiner dei har rett til plass under kriterium 1-3 må sende inn tilråding frå sakkunnig instans til Volda kommune, sektor Oppvekst før 1. mars.

## **5.5 Overflytting til annan barnehage**

Ved søknad om overflytting gjeld same opptakskriterium som andre søkjarar.

Når foreldre/føresette takkar JA til tilbod om overflytting, vil noverande tilbod bli avslutta.

## **5.6 Supplerande opptak**

Det vert tildelt barnehageplassar gjennom heile året dersom barnehagen har ledig plass.

## **5.7 Klage på opptak**

Ved hovudopptak kan søkjar klage over avslag på søknad om barnehageplass og på avslag om å få sitt fyrste eller andre ønske oppfylt.

Utanom hovudopptaket kan berre søkjarar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehageloven § 18, klage dersom de ikkje får tilbod om plass.

Reglane for klageadgang finst i Forskrift om saksbehandlingsreglane ved opptak i barnehage, (Forskrift 2005-12-16 nr. 1477)

## **§6 FORELDREBETALING**

Foreldrebetaling og søskenmoderasjon vert regulert gjennom barnehagelova §20 og til ei kvar tid gjeldande forskrift. Stortinget fastset kvart år maksimalpris pr. månad og pr. år for plass i barnehage. Kostpengar kjem i tillegg.

Foreldrebetalinga er månadleg i 11 månader, juli er betalingsfri. Ved for sein betaling vil gebyr og renter kome i tillegg..

Dersom sein henting fører til ekstra personalkostnader, ileggas den føresette eit gebyr på kr. 150,- pr. 15 minutt pr. barn.

Får barnet tildelt plass innan den 15. i kvar månad må ein betale for heil månad. Får barnet tildelt plass etter den 15. vert det betalt for halv månad.

### **6.1 Moderasjon**

Søskenmoderasjon er 30% for barn nummer to og 100% for dei andre barna. Søskenmoderasjon gjeld søsken som bur fast saman. Moderasjon gjeld også når barna går i ulike barnehagar i kommunen.

Barnehagen har ordning for reduksjon i foreldrebetaling og fritak foreldrebetaling for 20 timar pr veke jf. moderasjonsordning i forskrift om foreldrebetaling.

### **6.2 Oppseiing**

Oppseiingstid på barnehageplassen er 2 månader gjeldande frå 1. i påfølgjande månad, og skal skje skriftleg.

Oppseiing frå føresette mottatt av barnehagen etter 1. april medfører ein plikt til å betale foreldrebetaling ut juni månad. Ved særskilte høve kan det gjerast unntak frå denne regelen. Unntak kan mellom anna gjerast dersom ein får inn eit nytt barn til den ledige plassen.

Ved vesentleg misleghald eller når tungtvegande grunnar tilsei det, kan barnehageplassen seiast opp eller hevast med umiddelbar verknad. Styret fattar vedtak om oppseiing eller heving av barnehageplassen. Foreldre/føresette skal ha skriftleg melding om oppseiing eller hevingsvedtaket i henhold til samvirkelova §23.

## **§7 OPNINGSTID OG TILBOD**

Barnehageåret er i perioden 01.08-31.7

Barnehagen er open frå kl.07.15- 16.45 måndag til fredag.

Barnehagen tilbyr 80% og 100% barnehageplass.

Barnehagen har stengt julaften (24.desember) og nyttårsaften (31.desember). Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl.12.00. Dersom det er færre enn 5 påmeldte barn i romjul, påske og sommarferie, vert barnehagen stengt. Dette fordi det gjev eit utilstrekkeleg tilbod til dei borna som kjem i barnehagen, og at det er kostbart med to

tilsette på jobb. Dagleg leiar skal gi beskjed om dette til familiene det gjeld etter desse fristane:

For romjula: Seinast 5. desember.

For påskeferien: Seinast tre veker før palmesøndag.

For sommarferien: To veker etter fristen til foreldra for å levere inn ferieskjema, og seinast 5. mai.

I løpet av barnehageåret har barnehagen stengt 5 planleggingsdagar. Dagane vert gjort kjent i starten av barnehageåret. Dagane skal nyttast til å styrke kvaliteten på tilbodet og heve kompetansen til personalet.

### **§ 8 FERIE**

Alle barn skal ha fire veker ferie, derav tre veker samanhengande om sommaren.

Barn som skal starte på skule, skal avvikle ferien før nytt barnehageår startar 01.08.

### **§ 9 LEIKE OG OPPHALDSAREAL**

Barnehagen si norm for arealutnytting er 4m<sup>2</sup> leike- og opphaldsareal pr. barn over 3 år, og 5,5 m<sup>2</sup> for born under 3 år.

Berekninga av areal tek utgangspunktet i dei barna som er til stades, og dei rom som står til disposisjon for barna sine aktivitetar.

### **§ 10 VEDLIKEHALD / DUGNAD**

Styret vedtek ein plan for dugnad for alminneleg oppussing og vedlikehald ute og inne.

Dugnadsansvaret er knyta til den enkelte familie i barnehagen. Føresette som nyttar barnehageplass pliktar å delta minimum 5 timar på dugnad som blir arrangert av barnehagen pr. barnehageår.

Verv i Styret og Samarbeidsutvalet (SU) er omfatta av dugnadsarbeid.

Dersom pliktig dugnad ikkje gjennomførast skal det svarast ein ekstra foreldrebetaling fastsett av styret som for tida utgjer kr. 200,- pr. misleghalde dugnadstime.

### **§ 11 INTERNKONTROLL**

Barnehagen skal ha interne rutinar og kontrollsystem som ivareteke krava til helse, miljø og sikkerheit. Styrar er ansvarleg for oppfølging av internkonrollrutinar i barnehagen.

## **§ 12 TEIEPLIKT**

Tilsette og medlemmar i Styret og Samarbeidsutval har teieplikt etter §44 i barnehagelova, jf. forvaltningslova §13 til §13f. Alle skal skrive under erklæring om teieplikt.

## **§13 TILSETTE SI OPPLYSNINGSPLIKT**

Barnehagetilsette har opplysningsplikt til sosialtenesta, kommunal helse -og omsorgstenester og barneverntenesta jf. barnehagelova §46.

## **§ 14 POLITIATTEST**

Alle som arbeider i barnehage skal legge fram tilfredsstillande politiattest før tilsetting jf. barnehageloven §30

## **§15 HELSE**

Før eit barn kan ta til i barnehage, skal det leggest fram erklæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til ordinær kontroll på helsestasjon, kan slik erklæring gis av føresett på eige skjema. Dersom ikkje, må føresette legge fram legeerklæring.

Sjuka barn skal ikkje møte i barnehagen.

Barnehagen følger Folkehelseinstituttets retningslinjer ved sjukdom hos barn.

## **§16 FORSIKRING**

Rotset barnehage har ulykkesforsikring for barna som gjeld heile døgnet- også utenom barnehagetida. Informasjon om forsikringsavtalen får ein i barnehagen.

## **§ 17 ENDRINGAR I VEDTEKTENE**

Vedtektene kan endrast av styret i barnehagen.

## **§ 18 IVERKSETTING**

Vedtektene blir gjort gjeldande frå 11.11.2024